



# ÅRSMELDING SOGN NÆRING AS 2018

Sogndal/Leikanger 15.03.2019

**Agnar Holen**  
*-styreleiar-*

**Torgeir Skålid**  
*-dagleg leiar-*

## Innhald

Om Sogn Næring .....	3
Aktiviteten i selskapet .....	4
Leikanger kommune .....	4
Sogndal kommune.....	5
Sognefjorden Næringshage .....	6
Nye Sogndal kommune .....	6
Nettverk.....	6
Kompetanse.....	6
Rettleiing av etablerarar.....	7
Rekrutteringsaktivitetar .....	8
Prosjekt.....	8
Selskap vi eig i:.....	9
Gründerkontoret – Gründersenteret FUS.....	9
Vitensenteret i Sogn og Fjordane.....	9
Hangar Sogndal AS .....	10
Visit Sognefjord .....	10
Framtidsfylket.....	10
Strategi .....	10
Profilering av selskapet .....	10
Representasjon.....	10
Avslutning.....	11

## Om Sogn Næring

Sogn Næring AS driv næringsutvikling med Sogndal og Leikanger som primærområde. Selskapet har og regionale oppgåver gjennom td samarbeid med Sognefjorden Næringshage om SIVA sitt næringshageprogram, og leverer prosjekttenester til både næringsliv og det offentlege.

Generalforsamlinga i selskapet valde dette styret 25. april 2018.

Agnar Holen (styreleiar) (gjenvall)  
Jørgen Christian Lindstrøm (gjenvall)  
Stig Ove Ølmheim (gjenvall)  
Karin Vikane (ikkje på val)  
Cecilie Njøs (ikkje på val)  
Yngve Hallén (ikkje på val)

### **Varamedlemmer:**

Anders Bjærke (møtande vara) (gjenvall)  
Rita Navarsete (gjenvall)  
Jan Petter Vadheim (gjenvall)

Cecilie Njøs vart vald av styret til nestleiar.

I 2018 var det 4 styremøter og styret handsama 54 saker.

Årsrekneskap for selskapet ligg vedlagt denne rapporten. Årsoverskotet i 2018 er på 4.131,- kr og styret meiner at årsrekneskapen gir ein rettvisande oversikt over utvikling og resultat i selskapet.

Det var gjennom heile 2018 ei kvinne og ein mann tilsett i Sogn Næring. Gjennom heile 2018 var dagleg leiar tilsett i eit engasjement. Stillinga vart utlyst mot slutten av året, og Torgeir Skålid tilsett fast i stillinga frå 01.01.2019. Rådgjevar Lisbeth Bringebøen sa opp stillinga si i november, og hadde siste arbeidsdag i selskapet 31.12.2018. I tillegg til fast tilsette, er det kjøpt inn relevante tenester i fleire prosjekt.

Styret og dagleg leiar vurderer arbeidsmiljøet som godt. Tilsette har høve til å nytte 1 time kvar veke til trening, og det er etablert gunstig avtale om trening med Idrettssenteret AS. I perioden 1.januar 2018 - 31.12.2018 er det ikkje meldt om ulukker eller skader. Det var 4 dagar sjukefråvær i perioden.

Styret og administrasjon har helde fram spissinga av selskapet sine aktivitetar og tenestespekter, og framlegg til ny strategi er planlagt drøfta med eigarane på generalforsamlinga i 2019.

Selskapet er i god driv framover, og det er god grunn til å sjå positivt på selskapet si utvikling.

Verksemda medfører ikkje utslepp eller forureining som kan vere til skade for det ytre miljø (jf. § 8 i Forureiningslova)

## Aktiviteten i selskapet

Leikanger kommune, Sogndal kommune og Sognefjorden Næringshage har vore faste oppdragsgjeverar gjennom heile 2018. I tillegg er det levert tenester til ulike prosjekt for næringslivet, Nye Sogndal kommune og anna prosjektaktivitet.

Næringslivet ynskjer i aukande grad å nytte tenestene til selskapet, og frå 2019 skal selskapet vere rigga til å møte også dette behovet.

## Leikanger kommune

Leikanger kommune har ein avtale med Sogn Næring om kjøp av tenester for å operere kommunal førstelinjeteneste, forvaltning av felles kommunalt næringsfond og næringsarbeid generelt med ramme på 350 timar. Det er rådmann som tingar tenestene.

Sogn Næring sitt arbeid er forankra i Kommuneplanen til Leikanger kommune sin samfunnsdel 2015 –2026:

- Innovative aktørar i privat og offentleg sektor skal oppleve at det er lett å etablera og utvikla verksemder i Leikanger. Kommunen skal vera ein aktiv samarbeidspartnar i arbeidet med å utvikla eit variert, konkurransedyktig og berekraftig næringsliv.
- Me skal vera aktive i arbeidet med å styrka eksisterande næringar, leggja til rette for nye verksemder og vere eit godt vertskap

### **Prioriterte satsingar:**

- Samarbeida systematisk med dei andre offentlege etatane og næringslivet i kommunen for å: rekruttere arbeidskraft og sikre tilflytting, samarbeida om kompetanseheving hjå tilsette, kartlegge behov og potensiale hjå kvar enkelt verksemd følgja opp forvaltningsutvikling, arealbehov, eigarskap og vertskap
- Arbeida tett med bedrifter og næringsaktørar i kommunen for å nå felles mål og skape nettverk i lag med dei små verksemdene

### **I 2018 er timeressursar nytta slik:**

- 1.linjeteneste for næringsutvikling (gründer og bedriftskontakt)
- rettleiing og forvaltning kommunalt næringsfond (eigen rapport vedlagt)
- dialogmøter med kommunen og kommunale etatar.
- bedriftsbesøk (13 stk i 2018)
- oppfølging og utvikling av strategi for offentlege arbeidspassar

Det har og vore spennande samtalar med utviklingsstrukturane Njøs Næringsutvikling og Leikanger Næringshage. Desse organisasjonane håper vi å få eit enda tettare samarbeid med i samband med etableringa av Nye Sogndal Kommune. Opplev Leikanger er eit viktig talerøyr for næringslivet inn i Nye Sogndal. Vi vil halde fram med å støtte opp om deira arbeid og oppmøde dei til å søkje samarbeid med nyetablerte Sogndal Næringsforeining, for å etablere næringslivet sin organisasjon for heile den nye kommunen.

Reiselivsnæringa i Leikanger har eit stort potensiale, og det er skipa til fleire samlingar for desse, både knytt til generelt utviklingsarbeid og i samband med konkrete utviklingsprosjekt. Visit Sognefjord har vore tett kopla på desse møteplassane.

Det er og gjennomført kartlegging for å kople Leikangerbedrifter på SIVA sitt næringshageprogram. Truleg vert første avtale om slikt samarbeid signert primo 2019.

Fleire næringsfondsøknadar frå Leikanger står og på agendaen vår i 2019. Vi er sikre på at det er gode idéar der ute, og vil heller ha ein førespurnad for mykje, enn ein for lite.

Leikanger kommune med var nest beste kommune i fylket på Dagens Næringsliv sitt Gasselbarometer. 12,8 Gasselbedrifter per 10.000 innbyggjarar er imponerende!

### Sogndal kommune

Avtalen mellom Sogndal kommune og Sogn Næring om kjøp av tenester, har ei ramme på om lag 880 timar, og det er rådmann som tingar tenestene.

Sogn Næring sitt arbeid er forankra i Kommuneplan sin samfunnsdel 2010-2022:

#### **Næringslivet er og skal vere eit høgt prioritert satsingsområde:**

- Etableringsretteiing
- Etablere og vedlikehalde nettverk mellom næringsverksemder og offentlege instansar
- Kompetanse om og kontakt med det regionale statlege næringsapparatet
- Vertskap for inkubator
- I samråd med kommune ta del større utviklingsprosjekt
- Marknadsføre kommune og regionen som lokaliseringsstad for verksemder/arbeidsplassar handsame søknader til det kommunale næringsfondet
- Nyetablering
- Samarbeidspartnar for etablerte verksemder.

Det er også i 2018 1.-lineteneste for næringsutvikling, grunder- og bedriftsretteiing, samt forvaltning av felles kommunalt næringsfond som har vore hovudfokus. I tillegg er det nytta timeressursar mot:

- Oppfølging og utvikling av strategi for offentlege arbeidspassar
- Bedriftsbesøk
- Nye Sogndal kommune
- Eigeninnsats i prosjektinitiativ
- Eigargruppa Fosshaugane Campus (sekretariat)
- Oppfølging av utdanningstilbod ved Sogndal vgs
- Hangar på Sogndal Lufthamn, og utvikling av flytilbod i Sogn

Mindre ressursar er nytta til løpande aktivitetar, representasjonsoppdrag, prosjektinitiativ, informasjonstiltak og oppfølging av nettverk.



I 2019 vil arbeidet halde fram langs dei same linene, samstundes som det må etablerast gode utviklingsstrukturar for Nye Sogndal kommune.

5 bedrifter frå kommunen kom med på Dagens Næringsliv sin Gasseliste for 2018: Sogndal: Stjerne Bygg AS, Solberg EL-Service, Sogn Elektro As, Arkitektkontoret 4B og Grafa t-skjorte trykkeri. Stao pao!

### Sognefjorden Næringshage

Sogn Næring leverte i 2018 461 timar til Sognefjorden Næringshage til drift av næringshageprogrammet. Det er nytta nokre eksterne krefter for å levere på avtalen, men det meste er levert av dagleg leiar. Oppgåvene har vore knytt til:

- Drift av næringshageprogrammet
- Rekruttering målbedrifter og målbedriftssamtalar
- Informasjonsarbeid
- Prosjekt i målbedriftene, både fellesprosjekt og prosjekt i einskildbedrifter
- Nettverksaktivitetar, samlingar, studieturar m.m.

Geografisk har jobben i store trekk gått mot etablert næringsliv på nordsida av Sognefjorden (Luster, Sogndal, Leikanger, Førde), men vi har og hatt oppdrag på sørsida (Årdal, Lærdal, Aurland).

### Nye Sogndal kommune

Selskapet leverte seint i 2017 rapporten Næringsutvikling i nye Sogndal kommune. Gjennom 2018 har styreleiar og dagleg leiar kommunisert med politisk og administrativt nivå i Balestrand, Leikanger og Sogndal om innhald i rapporten og organisering av næringsarbeidet i i Nye Sogndal kommune. Arbeidet har vore tidkrevjande, og selskapet har stort sett finansiert dette arbeidet sjølv.

Gjennom året har vegen vidare blitt stadig tydelegare, og alt tyder på at selskapet får ein sentral posisjon i utviklingsarbeidet også i Nye Sogndal.

Det er mykje arbeid som står att for å bli klar til 2020, eit arbeid som truleg treng finansiering for ikkje å svekke selskapet sin økonomi og primæraktivitet.

### Nettverk

Både gjennom eigeninitierte samlingar, samlingar i Sognefjorden Næringshage sin regi og samarbeidspartnarar sine arrangement har selskapet bidrege til nettverksbygging i regionen. Det har òg vore bedriftsbesøk og store og mindre arrangement som kurs, seminar, møter og studieturar som knyter næringslivet saman. Dette er sentrale oppgåver som vert enda viktigare i framtida, og som bør løysast med samarbeid i regionen.

### Kompetanse

Selskapet har god kontakt med dei andre hjelparane innafor næringsapparatet og deltek jamleg på kurs og kompetansetiltak gjennom Innovasjon Norge, Fylkeskommune, Næringshage, Kunnskapspark, eigne initiativ og mykje meir. Selskapet har eit vidt arbeidsfelt

og vil aldri sjølv ha all naudsynt kompetanse. Styret vel difor i tillegg til å ha ein høgt kompetent intern stab, å leige inn spisskompetanse ved behov.

Næringslivet vårt har og kompetansebehov, og selskapet forsøker så langt det er mogeleg å svare på dette behovet.

### Rettleiing av etablerarar

Sogn Næring gjev i hovudsak inntil fem timar gratis rettleiing til kvar einskild gründer. I nokre høve vert denne grensa utvida når vi har ekstra tru på gründeren og ser at kompetansen vår kan vere avgjerande for at denne personen kjem vidare med prosjektet sitt.

Etablererrettleiinga tek ein god del ressursar frå basisfinansieringa i selskapet. Det er eit mål at selskapet skal ha god kompetanse på dette fagfeltet. Det er eit mål at potensielle gründerar skal føle seg særleg velkomne til regionen vår.

Vi har vore i møter med 39 ulike gründerar eller personar i tidleg oppstartfase som ynskte bedriftsrådgjeving i 2018.

Sogn Næring har også i 2018 arrangert ulike kompetansetiltak gründerane, både i eigen regi og ilag med samarbeidspartnarar.

### Kommunalt næringsfond i Leikanger og Sogndal kommune 2018

Kommunestyra i Leikanger (17.02.2017) og Sogndal (16.02.2017) vedtok retningslinjer for felles kommunalt næringsfond for Leikanger og Sogndal. Dei to kommunestyra delegerte mynde og forvaltning av det kommunale næringsfondet til Sogn Næring AS.

Det kommunale næringsfondet var per 01.01.2018 på kr. 1.750.571 fordelt slik:

Tilskot frå SFFK til Leikanger kommune (inkl stimuleringstilskot)	498.413
Tilskot frå SFFK til Sogndal kommune (inkl stimuleringstilskot)	723.348
Restmidlar frå 2017	528.810
<b>SUM</b>	<b>1.750.571</b>

Fondet handsama i 2018 22 saker, og tildelte i 2018 kr. 1.603.950,- fordelt på 20 saker.

Målet med det kommunale næringsfondet er å styrke Leikanger- og Sogndal kommune sitt lokale næringsutviklingsarbeid med utgangspunkt i dei føresetnadene som kommunen har. Næringsfondet skal fremje næringsutviklingsarbeid gjennom kommunal tilrettelegging og støtte til nyetableringar, utvikling i dei minste verksemdene og vidareutvikling av eksisterande verksemdar. Fondet kan også nyttast til analyser og forprosjekt for utvikling av nye forretningsområde og lokalmarknadsbaserte prosjekt i større verksemdar.

Det er fondsstyret si vurdering at retningslinjer for det kommunale næringsfondet vedteke i Leikanger- og Sogndal kommune har fungert tilfredsstillande i 2018. I retningslinjene heiter det at fondsstyret årleg skal «...årleg utvikle handlingsplan som gjev fondet profil og prioriteringar.» Fondsstyret er imidlertid av den oppfatning at kommunale planar og prioriteringar, samt fondet sine retningslinjer ivaretek dette på ein god måte.

Administrasjonen førebur alle søknadar som blir lagde fram for styret til vedtak. Styret har av praktiske grunnar og for å få effektiv sakshandsaming delegert mynde til å gjere vedtak i saker opp til kr. 50.000,- til dagleg leiar, og i saker opp til 100.000,- kr til styreleiar. Delegerte vedtak blir i etterkant lagde fram for styret.

### Rekrutteringsaktivitetar

Sogn Næring har vore medspelar til Framtidsfylket på karrieremessene. Sogn Næring inviterte gründerar som deltakarar på messene for å marknadsføre gründermiljøet i Sogn for å få fleire potensielle gründerar til å flytte hit.

I samband med Fjellsporfestivalen var det arrangert konkurranse for gründerar og rekruttering til påmeldte bedrifter. Dette er tiltak selskapet vil vidareføre i samarbeid med andre, og gjerne distribuere til større delar av regionen.

### Prosjekt

Gjennom året er selskapet involvert i større eller mindre grad i ei rekke prosjekt.

#### **Verdiskaping i økosystemtenester - Bratt moro**

Bedriftsnettverksprosjekt, hovudprosjekt.

#### **Hangar på Sogndal Lufthamn, og utvikling av flytilbod i Sogn – Regionråd og kommunar**

Målsetjing å realisere ein hangar for nattstasjonering av fly på Sogndal Lufthamn, og å drive informasjonsarbeid i samband med utlysing av nye FOT-ruter.

#### **Strategi for offentlege arbeidsplassar - Nye Sogndal kommune**

Rapport med tilråding av strategi for vertskapskommunearbeidet

#### **Fosshaugane Campus - Campus Sogndal**

Sekretariat for eigargruppa. Ein del mindre tilleggsprosjekt.

#### **Sogndal næringsforening**

Sekretariat for næringsforeninga ved behov

#### **Høyringar**

- Høyring strategi for senterstruktur og tettstadutvikling i Sogn og Fjordane
- Konkurranse om regionale ruteflygingar i Sør-Norge frå 2020
- Regionreformen – Desentralisering av oppgåver frå staten til fylkeskommunene

#### **Marheim**

Fjordsenter i Fjærland

#### **71 grader nord**

Jubileumsversjon av kjendisutgåva, vert sendt vår 2019

#### **Rekrutteringstiltak under Fjellsporfestivalen**



Gründerkonkurrans og rekruttering til etablert næringsliv

**Nasjonalt kunnskapssenter for bærekraftig klimatilpassing i Sogn og Fjordane**  
Vestlandsforskning

**Norsk Høgfjellsule**

Nortind sin guideutdanning til Sogndal!

**Kristianhus**

Utvikling av bygg sentralt i Vik

**Opning Loftesnesbrua,**

Ein milepæl, flott arrangement - dårleg ver...

**Bedriftsnettverkinitiativ innan print**

Saman med bedrifter i Årdal og Luster. Etablert som bedriftsnettverk i perioden.

**Næringsvennleg region**

Prosjekt for samhandling i Sogn mellom Luster, Sogndal, Lærdal, Vik, Leikanger og Balestrand.

**Bike n Hike**

Prosjekt for å utvikle sykkelturnisme i heile Sogn

**Lokal handel**

Etter initiativ frå aktørar på Amfi Sogningen, har vi etablert dialog med HVL mtp å utvikle positiv kunnskap rundt lokal handel, og korleis dette er viktig for samfunnsutviklingen.

**Klimatilpassing i Sogn**

Nyetablert prosjekt i regi av Regionrådet

Nokre prosjekt er det, i respekt for oppdragsgevar, ikkje naturleg å nemnte her.

[Selskap vi eig i:](#)

[Gründerkontoret – Gründersenteret FUS](#)

- Eigardel: 50%
- Andre eigarar: Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane

Selskapet driv gründerkontorfasilitatar på Campus Sogndal.

[Vitensenteret i Sogn og Fjordane](#)

- Eigardel: 6,5%
- Andre eigarar: Næringsliv og offentleg verksemd

Skal utvikle og drive Vitemeir på Kaupanger

#### Hangar Sogndal AS

- Eigardel: 33,3%
- Andre eigarar: Sogndal kommune

Selskap skipa for å finansiere, byggje og drive hangar på Sogndal Lufthamn.

#### Visit Sognefjord

- Eigardel: 12,15%
- Andre eigarar: Kommunar og reiselivsbedrifter i Sogn.

Driv marknadsføring for reiselivet

#### Framtidsfylket

- Eigardel: 2,78%
- Andre eigarar: Næringsliv og offentlege i Sogn og Fjordane

Rekruttering og drift av traineeprogram

#### Strategi

Gjennom heile året har styret og administrasjon hatt fokus på den vidare strategien for selskapet. Prosessen har vore gjennomført med hjelp frå ekstern kompetanse i Grow Competence Consulting, og styret og administrasjon har vore tungt involvert. Næringsliv, kommunar, fylkeskommune, FOU-miljø og øvrig verkemiddelapparat har og vore tekne med i prosessen gjennom intervju.

Styret er iferd med å konkludere og spisse strategien, og er planlagt forankra hjå eigarane i samband med generalforsamlinga i 2019.

#### Profilering av selskapet

Det har vore viktig for styret at selskapet er synleg i det offentlege rom. Ein har utvikla ein noko meir offensiv profil i sosiale medier der ein forsøker å få fram gode historiar frå næringslivet vårt. Det er og jobba med å betre informasjon på nettsider og i andre kanalar.

#### Representasjon

Selskapet si rolle krev utstrakt representasjon. Lista er ikkje komplett:

- Regionstand på Framtidsfylket si karrieremesse
- Presenterte rapport om næringsarbeid i nye Sogndal kommune og kom med tilrådingar til fellesnemda
- Fleire studieturinitiativ med ulike oppdragsgjevarar.
- Nettverkssamling reiseliv
- Reiselivssamling Leikanger
- Studietur Italia SNH
- Idemyldring Vitensenteret
- Etablerarkurs EU-nett Sogn og Fjordane - noko for deg?
- Orientering om organisering av Statens Vegvesen
- IT-forum
- Markedsmøte Visit Sognefjord

- Næringsdagane
- Toppleiasrsamling med Sparebanken SF i Surrey
- Flyplassutval
- Samling for næringsarbeidarar i fylket
- Møte med næringsliv på Leikanger på Hermann
- Gründerkurs på Gardermoen
- Skaparsamling Balestrand
- Forskningsrådet "Open dag om Offentlege verkemiddel 2018»
- Næringsutviklarsafari med Olav Grov i Luster
- Kristianhus / Levande lokale i Vik
- Ymse egne arrangement
- 10-årsjubileum Digital Etikett
- TV-aksjonen
- Frokostmøte off arbeidsplassar
- Formannskapet Leikanger
- Opning klimatilpassingssenter
- Førjulstreff med foredrag og tapas, Distriktssenteret
- Vitensenteret, status og innhaldsutvikling
- På sparket med Falkeblikk
- Foredrag: Laksefiske i Årøyelva
- Årsoppgjerskurs med Deloitte
- Sosial førjulssamling
- Næringsnettverket i Sogn
- Jubileum Sognahallen og Idrettssenteret
- Innovasjon Noreg inviterer til "Frå ide til marknad"
- Workshop, Marheim
- Solcelleseminar
- Opning fruktbare dagar Leikanger
- Kommunestyret Sogndal
- Fjellsportfestivalen

## Avslutning

Etter styreleiar og dagleg leiar si vurdering har selskapet i 2018 nådd fastsette mål og levert gode tenester. Vi ser fram til å vidareutvikle selskapet, tenestene og samarbeidet med eigarar, næringsliv og andre samarbeidspartnarar.

Tida vår er prega av samtidige endringsprosessar. Sogn Næring skal ha ein positiv og offensiv haldning i desse prosessane. Vi skal fokusere på å levere gode tenester til oppdragsgjevarane våre og næringslivet i regionen.

Sogndal 15.03.2019

**Agnar Holen**  
*Styreleiar*

**Torgeir Skålid**  
*Dagleg leiar*